

Bergen kommune
Plan- og bygningsetaten
Postboks 7700
5020 Bergen
postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no

Bergen 10.5.2021

Reguleringsforslag til offentlig ettersyn
Ytrebygda gnr. 111, bnr. 25, Lilandsvegen 90. Arealplan 10-65950000
Høringsfråsegn frå Naturvernforbundet Hordaland

Samandrag

Naturvernforbundet Hordaland går mot Ard Arealplan AS og Bergen Bruktbilutleie AS sine planar om eit nytt stort bilbasert næringsbygg i to etasjar med parkeringskjellar ved Lilandsvegen nord for Liland skole.

Dette grunnar vi på følgjande:

- * Bygget ligg midt i eit vakkert og verneverdig kulturlandskap, som vil bli kraftig forringa ved oppføring av eksisterande bygg.
- * Det kan finnast forekomst av den truga fuglearten vipe nær bygget, og det er fare for at bygginga og den auka trafikken i samband med aktiviteten der vil føra til at denne lokaliteten går tapt.
- * Utbygginga kan føra til tap av kulturminner i eit gammalt kulturlandskap, og vil verka negativt inn på gardsdrifta på dei to gardsbruka som er igjen på Liland, og i verste fall føra til nedlegging og tap av endå meir jordbruksareal.
- * **Tiltaket vil føra til auka trafikk på Lilandsvegen forbi Liland skole og auka fare for at det kan oppstå alvorlege trafikkulukker på vegen. Det vil også verka forstyrrande på uteaktiviteter ved skulen og dei to barnehagane der.**

Bakgrunn for forslaget

Ard Arealplan AS foreslår på vegne av eit bruktbilfirma, Bergen Bruktbilutleie AS å detaljregulera eit areal på 5.8 daa til næringsbygg, med tanke på utleige til andre småbedrifter. I følgje planforslaget skal dei to næringsbygga på ca. 40 x 10 meter og to etasjer med kjellar innehalda felles parkeringshus for alle dei 10 bedriftene som skal halda til der, med ladepunkt for el-bilar og sykkelparkering. Området ligg i sterkt skrånande terreng på innsida (sørsida) av den såkalla «Lilandssvingen» på Lilandsvegen, og med avkjørsel like vest for den. Det ligg to privatbustader innanfor planområdet. Den eine av desse skal rivast, og atkomstvegen må gå utanom den andre bustaden og aust for huset. Det planlagte næringsbygget ligg i eit tidlegare LNF-område innanfor den tidlegare vedtekne BLÅE-planen. Opphavleg bestemte bystyret i 2017 at heile det 500 daa store jordbruksarealet på Liland skulle omdefineras frå LNF til næring og byggjast ut til industri. Men dette er i seinare tid blitt moderert, etter store protestar frå miljøorganisasjonar og bondelag, og etter at det viste seg at behovet for industritomter langs Flyplassvegen på Liland var sterkt overdrive, og berre halvparten av det antatte behovet, det vil si, 250 daa.

Resten av Liland, der den omsøkte industritomten ligg, skal framleis vera jordbruksareal, og eigarane av dette arealet på bruk 111/1 og 111/2 er begge innstilt på å halda fram med gardsdrift som før, noko dei har fått forsikringar om frå byrådet og Bergen kommune. Dette er den delen av Liland som ligg lengst sør og borte frå Flyplassvegen.

Landskap, natur og friluftsliv

I sør grensar området til Liland skole og Blomsterdalen barnehage. Det er planlagt gang- og sykkelveg langs Lilandsvegen til skulen frå næringsbygget, som kryssar vegen om lag midt mellom bygget og skulen. Det aktuelle området er omgitt av slåttemark på sør- og vestsida, og av Lilandsvegen i nord og aust. Atkomsten til næringsbygget medfører inngrep i jordbruksarealet til bruk 111/2 mellom bygget og Lilandsvegen. Rådet for byfornyning og arkitektur (RBA) har uttalt seg om planen og meiner at den må avvisast fordi det ligg midt i eit vakkert kulturlandskap og at bygget bryt med landskapet sine kvaliteter. Det omfattar 8-10 meter høge skjeringar og fyllingar, som vil verka skjemma og ha ein massiv fjernverknad frå vegen. RBA foreslår at tiltakshavar flytter heile anlegget inn i fjellhallar sidan det for ein stor del baserer seg på utleige av parkeringsplassar for næringsdrivande og andre med tilknytning til flyplassen. Dei skriv: «Et bygningsvolum av en slik skala og plassering som vist vil ødelegge et fint landskapsdrag».

Lilandshaugen vest for tunet på Liland var ein viktig møteplass for 100 år sidan. Her stod og ei kyrkje i middelalderen, og området er rikt på edellauvskog med gamle hole eiketre og høgt naturmangfald, sjøl om ca. 30% av haugen blei sprengt bort då dei bygde den nye flyterminalen. I det som står igjen av Lilandshaugen, lengst vest på Liland, mot flyplassen, har bystyret likevel lagt til rettes for næringsareal, men den rike skogtypen strekker seg også over Lilandsvegen og inn i skogområdet rundt det planlagte næringsbygget (sjå kart på Figur 10 i planbeskrivelsen). Spor etter den gamle stemneplassen fins enno på toppen av Lilandshaugen, og den naturfaglege rapporten for BLÅE-planen nemner at det er funne to raudlistearter her. Det er ikkje gjort synfaringar i området for å registrera truga plante- og dyreartar, og all informasjon bygger på tidlegare registreringar.

Dette er etter Naturvernforbundet Hordaland sitt syn altfor dårleg. I det aktuelle planforslaget står det berre at tiltaket «trolig ikke vil medføre vesentlig påvirkning for naturmangfoldet, da registreringene som er gjort av de sterkt truede rødlisteartene kystmarikåpe og vipe er svært gamle». Dette er etter vår oppfatning tvert imot eit argument for å avvisa planen, då tiltaket er i strid med Naturmangfaldlova, der det står i §9 at føre var prinsippet må følgjast i utbyggingssaker. Konklusjonane må byggja på fakta, ikkje på spekulasjonar og syensing, slik det er gjort i planforslaget. Her må det stillast krav om konsekvensanalyse av det aktuelle området før det i det heile blir vurdert utbygging. Det er også kritikkverdig at utbyggar prøver å bagatellisera forekomsten av den truga fuglearten vipe – ved å påstå at det som før var dyrka mark, held på å bli gjengroingsmark. Dette er kanskje tilfelle med den delen av Liland som er lengst nord og nær Flyplassvegen, der drifta opphørde for 20 år sidan som eit resultat av flyplassutbygginga.

Men på dei to bruka som ligg nærast Lilandsvegen (bruk 1 og 2) er det framleis drift og dermed grunnlag for vipe. Dersom det fins vipe ute på jordene her, er det stor fare for at den vil bli forstyrra av aktiviteten i samband med det planlagte næringsbygget. I følgje kartet på Figur 2 i naturmangfaldrapporten ligg den gamle vipelokaliteten frå 1999 tvers over vegen frå næringsbygget. Kartet på Figur 10 i planbeskrivelsen viser i tillegg at bruk 1 og 2 som ligg nærast bygget og Lilandsvegen, av dei fem bruka på Liland, omfattar jordbruksareal som er

klassifisert som «fulldyrka jord» og «overflatedyrka jord» og ikkje «innmarksbeite». I tillegg til dei to raudlista artane er det også observert musvåk (LC) i 2017 og dei nært truga artane stær og fiskemåke i perioden 2006 til 2018. Deler av planområdet omfattar også observasjonar av dei to «ansvarartanae» gråsisik og gråtrost, som Norge har eit spesielt ansvar for å ivareta i europeisk samanheng.

Av planforslaget går det også fram at det er dårleg avløp og fare for overvatn på tilgrensande landbruksområde i aust. Det planlagte bygget vil derfor utgjera ein potensiell fare for forureining av jord og grunnvatn i området.

Kulturminner

Liland er ein av dei eldste gardane i Ytrebygda, og området på Liland er rikt på kulturminner frå langt tilbake i forhistorisk tid, som har sett sine spor i landskapet i form av åkersteigar, bakkemurar, steingardar, uteløer, torvhis m.m. Gamletunet på garden (sjå Figur 7 i planbeskrivelsen) er eit nærmast autentisk klyngetun, der tre bruk (bruk 1, 3 og 4) ligg tett saman på sin opphavlege plass, og det fjerde (bruk 2) om lag 100 meter lenger sør. I tillegg er det ein femte tunstad (bruk 5) som ligg lenger nord mot Flyplassvegen. Både Lønningen og Sletten er skilt ut frå Liland, og den felles sjøvegen går frå Liland, langs kanten på flyplassen sørvestover, forbi småbruket (tidlegare husmannsplass under Lønningen) Solbakken og ned til sjøen ved Lønningshamn. Både tunet på Liland og innmarka omkring, Solbakken, Lønningshamn og veggen ned dit er verdfulle kulturminner, noko ein har mindre og mindre av i Ytrebygda etter som utbygginga av flyplass og industri skyt fart. Dei fleste av desse er i dag overgrodd og sårbare for moderne inngrep. Vestland fylkeskommune har difor stilt krav om arkeologisk undersøking av heile Lilands-området. Kulturminne frå før reformasjonen i 1537 er automatisk freda, og dette må potensielle utbyggarar retta seg etter. Garden sin historie går heilt tilbake til folkevandringstida, det vil si ca. år 500. Her er også rike kulturtradisjonar med etablering av Liland skule frå 1881 og Liland Ungdomslag frå 1888. I tida etter 1905 og fram til etter krigen 1940- 45 var det tradisjon at 17. mai- toget på Liland skule gjekk til stemnestaden på Lilandshaugen, der det truleg har stått ei kyrkje i middelalderen. Namnet «Anderskyrkja» er kanskje eit minne om dette.

Skule og trafikk

Liland skole (Figur 6 i planbeskrivelsen) er frå 1900 og utvida i 1940 og 1968, men den eldste skulen låg på austsida av Lilandsvegen, og like sør for bruk 2 og gamletunet på Liland. Rådet for byfornyng og arkitektur (RBA) skriv at sidan planområdet ligg nær skulen, vil det medføra «en lite ønskelig økt trafikkmengde». FAU ved Liland skole er og skeptisk til planen, fordi den medfører auka trafikkkfare for elevar på veg til eller frå skulen. Dei krev at trafikken til og frå næringsbygget må gå nordover mot flyplassen og ikkje mot Blomsterdalen og forbi skulen. I planforslaget er det oppgitt ein forventta ÅDT frå det planlagte bygget på 76-230 kjøretøy/døgn der 5% er tungraffikk. Dette er eit høgt tal og vil bli ei belastning både for skulen, den nærliggjande barnehagen og andre naboar i området. Ytrebygda har alt i dag kapasitetsproblem med trafikken i området både til Flesland flyplass og til industrien langs Flyplassvegen og til Lønningen og Espehaugen industriområde.

Ved Liland skole fins det ein skulehage, og barnehagen har eit lite inngjerda uteareal. Ved å oppretthalda drifta på dei to bruka på Liland som ligg nærast skulen (bruk 1 og 2) kan ungane få eit mykje større uteareal og dessutan kunna vera saman med dyr og sjå korleis maten blir produsert, altså eit viktig supplement til undervisninga på skulen. Dette er delvis tilfelle også i dag med bruk 2. Det planlagte næringsbygget vil verka forstyrrende på desse aktivitetane i

nærmiljøet. Auka trafikk på Lilandsvegen vil også auka risikoen for trafikkulukker i samband med kryssinga av skulevegen rett nord for skulen.

Konklusjon

Naturvernforbundet Hordaland går mot planen om det omsøkte næringsbygget på Liland, av følgjande grunnar:

- Bygget ligg midt i eit vakkert og verneverdig kulturlandskap, som vil bli kraftig forringa ved oppføring av eksisterande bygg. Skjemmande murar og fyllingar vil forsterka dette inntrykket.
- Det kan finnast forekomst av den truga fuglearten vipe nær bygget, og det er difor fare for at bygginga og den auka trafikken i samband med aktiviteten der vil føra til at denne lokaliteten går tapt. Det er kritikkverdig at utbyggar prøver å bagatellisera forekomsten av den truga fuglearten vipe – ved å påstå at det som før var dyrka mark, er blitt gjengroingsmark.
- Tiltaket vil føra til auka trafikk på Lilandsvegen forbi Liland skole og auka fare for at det kan oppstå alvorlege trafikkulukker på vegen, særleg i samband med fotgjengarkryssinga av vegen nord for skulen. Det vil også verka forstyrrande på uteaktiviteter ved skulen og dei to barnehagane ved skulen (Liland og Blomsterdalen barnehage).
- Utbygginga kan føra til tap av kulturminner i eit gamalt kulturlandskap frå førhistorisk tid, og med rike tradisjonar.
- Tiltaket grensar opp til dyrka mark og vil verka negativt inn på gardsdrifta der og i verste fall føra til nedlegging og tap av endå meir jordbruksareal.

Eit minstekrav må vera at utbyggar lagar ein konsekvensvurdering av det aktuelle området før det i det heile blir vurdert utbygging. Denne konsekvensvurderinga må vera bygd på nye synfaringar av naturmangfald i heile Liland-området. Eit anna krav er at tiltakshavar finn ei anna lokalisering av dette næringsbygget der det vil vera mindre negativt for lokalmiljøet og for kulturlandskap, miljø og naturmangfald enn tilfellet er med den aktuelle lokaliseringa.

Med venleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland

Gabriel Fliflet
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar